

Tema/problemstilling: Korleis kan eg finna ut om nyheitane eg les er sanne?	Tenkt trinn: 5. - 7. trinn	Estimert tid: 4 x 45 min.
Sentrale begrep: Digitale informasjonskanaler, sanne og falske nyheter, påstander, kilder, avsender, mottaker, sannsynlighet, troverdighet, begrunnelse.		

Kompetansemål	Tekster/ressurser	Aktiviteter	Vurderingsform og produkt
Velja ut og vurdera informasjon frå bibliotek og digitale informasjonskanalar.	<ul style="list-style-type: none"> - Tre påstandar henta frå www.faktisk.no 	<ul style="list-style-type: none"> - Fortejlja ein falsk nyheit om noko som elevane har eit forhold til. - Visa påstandar frå nyheiter. Diskutera og ha avstemming om desse. - Finna ut om påstanden er sann eller ikkje med ulike kjelder. 	

Beskrivelse av læringsaktivitetene:

Falsk nyheit frå lærar:

Diskusjon med desse spørsmåla etter at nyheiten er servert:

- Kva synest dei om det?
- Kva vil dei kalla det du fortalde dei?
- Kvifor stola dei på det/stola dei ikkje på det?

Påstandar:

Vis ein påstand om gangen.

Først diskusjon med desse spørsmåla:

- Kva informasjon gjer teksten?
- Kven er avsendar?
- Kva informasjon gjer biletet?
- Kva trur dei at det står i resten av teksten og kvifor?

Så avstemming på tavla:

Kor sannsynleg er det at dette har skjedd? Avstemming på tavla med teljestrekar frå 1 til 5, der 1 er låg sannsynlegheit og 5 er høg sannsynlegheit. Kvifor stemde dei som dei gjorde? Trekk nokon som du spør.

Etterpå skal elevane sjølv saman med læringsvenen prøva å finna ut om påstanden er sann.

Dei må sjølv bli einige om korleis dei vil gjera det, kvar dei vil gjera det og kvifor dei vil gjera det på den måten?

- Kva for nokre kjelder blir tatt i bruk?
- Kva er ein truverdig kjelde og kvifor er den det?

Trekk ut nokre grupper som svarer på alle fem spørsmåla ovanfor.

Til slutt viser du elevane linken til om det er sant eller ikkje til kvar påstand (www.faktisk.no).

Kompetansemål	Tekster/ressurser	Aktiviteter	Vurderingsform og produkt
----------------------	--------------------------	--------------------	----------------------------------

<p>Velja ut og vurderer informasjon frå bibliotek og digitale informasjonskanalar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Teikneserie frå Aftenposten junior. - Klipp frå Supernytt om falske nyheiter .http://tv.nrksuper.no/serie/supernytt/MSUB02002517/03-02-2017 - Plakat frå Medietilsynet om tips for å avdekka falske nyheiter på nettet. - https://www.medietilsynet.no/globalassets/dokumenter/veiledere/ti-tips-mot-falske-nyheter-plakat.pdf - Nyheitsartiklar frå www.supernytt.no 	<ul style="list-style-type: none"> - Diskusjon med bevisstgjerer om kritisk tenking. - Kva er falske nyheiter? Diskusjon, lesa teikneserie og sjå klipp frå Supernytt. - Gjer ein ekte nyheit om til ein falsk nyheit. Sjå etter kjenneteikn på falske nyheiter, diskusjon og laga om originale nyheitsartiklar til falske nyheiter. 	<ul style="list-style-type: none"> - Elevane skal vurderer ekte nyheiter opp mot falske nyheiter som dei har laga sjølv, og begrunna meiningane sine .
---	--	---	---

Beskrivelse av læringsaktivitetene:

Bevisstgjerer om kritisk tenking:

Diskusjon omkring desse spørsmåla:

- Korleis oppstår nyheiter?
- Les du aviser? Kva for nokre?
- Kor får du informasjon frå nyheitssaker?
- Er desse kjeldene pålitelege?
- Kvifor ser me nyheiter?
- Kva slags nyheiter får størst merksemd?
- Korleis påverkar nyheiter oss i kvardagen?

Kva er falske nyheitar?:

Elevane skal diskutera med læringsvenen kva dei legg i falske nyheiter og kjenneteikn på dette. Skriv forslag på tavla. Korleis kan nyheiter delast vidare? Skriv forslag på tavla.

Elevane les ein teikneserie (Aftenposten junior) og ser eit klipp frå Supernytt om falske nyheiter.

Gjer ein ekte nyheit om til ein falsk nyheit:

Gå gjennom plakat frå Medietilsynet om tips for å avdekka falske nyheiter på nettet og samanlikna den med det dei sjølv har kome på. Kva er likt og ulikt?

Elevane skal bruka den som oppskrift når dei sjølv saman med læringsvenen skal gjer ein ekte nyheit om til ein falsk. Sjå nyheitsartiklar henta frå Supernytt. Elevane vel ein av dei som dei skal gjera om til ein falsk nyheit.

Vurderingsform og produkt:

Vis elevane nokre av dei originale ekte nyheitsartiklane frå Supernytt og dei falske nyheitene som dei har gjort om sjølv, og sjå om dei klarer vurderer kva for nokre som er ekte og ikkje. Og om dei klarer å begrunna meiningane sine om kvifor dei er ekte og falske (kjenneteikn frå plakaten frå Medietilsynet).